



# Fastetida 2023

Di kyrkje for alle dagar!

## Bøn- og bibelleseplan for Foldnes

«Himmelriket er likt ein kjøpmann som leita etter vakre perler. Då han fann ei svært verdfull perle, gjekk han bort og selde alt det han eigde og kjøpte henne» (Matt. 13,45).

Fastida er ei god tid til å leita etter perler. Gjennom bøn og bibellesing kan skulde skattar verte tydeleg for oss. Kunstnaren Michelangelo er mellom anna kjend for sine store marmorfigurar. Han har sagt at jobben hans ikkje er å laga skulpturar, men å avdekka dei. Gjennom sansane våre kan vi avdekka sanningar om Gud og oss sjølve – verdfulle perlar!

Alle våre lengslar, håp, ambisjonar, redsle og rastløyse kjem frå det indre livet vårt. Difor er det av stor verdi å ta vare på det ingen andre ser.

Vårt andelegeliv treng føde for å leva. Ikkje ver motlaus over alt som kan dukke opp i ditt indre; la det heller vere utgangspunkt for bøn og samtalen med Gud.

I år les me Markusevangeliet. Det er det eldste av evangeliene og gjev eit unikt innblikk i Jesu liv og Guds plan for verda. Kva seier denne teksta til deg? Nytt i år er «bøneverset» som er oppført etter Markusteksten. Dette er eit vers du kan ta med inn i bøn. Du kan repetere verset og late det tala til deg. Desse «bøneversa» har ulike tema veke for veke. I tillegg er det med mange ulike bøneemne for kvar veke. (Kvar søndag er søndagens preiketekst skrive inn)

Lukka til. Må Gud openberra seg for deg og velsigna deg denne fastetida.

# 22. – 26. februar

veke 8

## Bibelleseplan:

- 22. februar Mark. 1, 1-13  
Op. 3, 20
- 23. februar Mark. 1, 14-34  
Sal. 116, 7
- 24. februar Mark. 1, 35-40  
Fil. 4, 6
- 25. februar Mark. 2, 1-12  
Sal. 118, 1
- 26. februar Matt. 4, 1-11  
(preiketekst)

## Bønneverstema:

Søk Herren

## Denne veka ber vi for:

- Søndagskulearbeidet i Foldnes kyrkje
- Babysong
- ImF Straume (Straume forum)
- Jordskjelvofra i Tyrkia og Syria
- At menneske skal koma til tru
- Skaparverket
- Mot til å knyta relasjonar

## NMS sitt arbeid i Thailand:

- Be for arbeidet i slummen i Bangkok
- Be for treninga av nye leiarar
- Be om frimod for nye kristne

## REGNBOGEBØN

Kjære Gud, takk for fastetida. Den gjev rom for både handling og refleksjon. Lat oss ikkje verta for sjølvopptekne, men hjelp oss så vi rettar blikket utover og ser dei mange som treng din kjærleik. Og minn oss dagleg om at det er vi som er dine hender og føter.



# 27. februar – 5. mars

veke 9

## Bibelleseplan:

<b>28. februar</b>	Mark. 2, 13-22 Sal. 23, 1
<b>29. februar</b>	Mark. 2, 23-3, 6 Sal. 40 2
<b>1. mars</b>	Mark. 3, 7-19 5. Mos. 4, 31
<b>2. mars</b>	Mark. 3, 20-35 Sal. 121, 5
<b>3. mars</b>	Mark. 4, 1-20 1. Pet. 5, 7
<b>4. mars</b>	Mark. 4, 21-29 Matt. 6, 34
<b>5. mars</b>	Matt. 15, 21-28 (preiketekst)

## Denne veka ber vi for:

- For utsmykningskomiteen og kyrkjekjellaren
- For diakoniutvalet
- Den ortodokse kyrkja på Brattholmen
- Statsleiarar
- For alle som kjennar på einsemd
- For dei i verda som lid på grunn av si kristne tru

## NMS sitt arbeid i Thailand

- For Anne Storstein Haug, Olav og Jeed Skjerpe, som er misjonærar i Thailand
- For demokrati og rettferd i Thailand

## Bøneverstema:

Guds omsorg

## REGNBOGEBØN

Kjære Gud, du som skaper alle menneske i ditt bilete. Lat oss sjå kvarandre slik du ser oss, så vi ikkje vert freista til å laga skilje mellom oss og dei andre. Hjelp oss så vi kan bidra til at alle menneske får dei grunnleggjande rettane sine til vatn, mat og tryggleik.

## 6. – 12. mars

veke 10

### Bibelleseplan:

- 6. mars** Mark. 4, 30-41  
Sal. 22, 20
- 7. mars** Mark. 5, 1-20  
Sal. 18, 7
- 8. mars** Mark. 5, 21-43  
Sal. 119, 169
- 9. mars** Mark. 6, 1-12  
Sal. 40, 1
- 10. mars** Mark. 6, 14-29  
Sal 16, 1
- 11. mars** Mark. 6, 30-56  
Sal 51, 13
- 12. mars** Luk. 11, 14-28

### Denne veka ber vi for:

- Gospelkoret Lokal Vokal
  - Lukas Ten Sing
  - Naboar
  - Dei som er einsame
  - Born som vert forsømde
  - Menneske som svelt
  - Vår kongefamilie
- Misjonsprosjektet Jesu døtre,  
Israelsmisjonen
- Be for god dialog
  - Be for større forståing og forsoning  
  mellom jødar og palestinarar
  - Be for nye kristne

### Bøneverstema:

Vår naud og vår klage

### REGNBOGEBØN

Kjære Gud, du som skaper og frigjer. Takk for at du har gjeve oss jorda. Minn oss alltid på at vi har henne til låns. Gje oss mot til å forandra fastlåste tankesett, og bruka evnene våre til å ta vare på kloden vår. Hjelp leiarane våre til å gjera berekraftige val og vedtak.

# 13. – 26. mars

veke 11

## Bibelleseplan:

<b>13. mars</b>	Mark. 7, 1-23 Hebr. 13, 16
<b>14. mars</b>	Mark. 7, 24-30 1. Joh 3, 18
<b>15. mars</b>	Mark. 7, 31-37 Matt. 25, 40
<b>16. mars</b>	Mark. 8, 1-13 Ordt. 14, 21
<b>17. mars</b>	Mark. 8, 14-30 1. Joh 4, 12
<b>18. mars</b>	Mark 8, 31-9,1 Ordt. 22, 9
<b>19. mars</b>	Joh. 11, 45-53

Bøneverstema:


Nestekjærleik

## Denne veka ber vi for:

- Ungdomslørdag
- Bibelgrupper, smågrupper og misjonsforeiningar
- Dei frivillige i kyrkjelyden
- Basargruppen
- RAMP
- Visdom til å stå saman som kristne
- Dei som er utan arbeid
- Menneske som saknar familie og vener
- Forvaltinga av rikdomen vår

## Thailand (NMS)

- Be for dei mange fattige som slit i kvardagen
- Be for arbeidet med å kjempa mot urettferd
- Be for kyrkjelydar, misjonærar, lokale prestar og evangelistar



## REGNBOGEBØN

Kjære Gud, takk for at du har gjeve oss evne til å håpa. La oss bruka håpet til å skapa forandring i oss og rundt oss. Gje oss mot til å ta vare på skaparverket ditt også når det kostar. Gje krefter og kreativitet og heilagt utålmod.

# 20. – 26. mars

veke 12

## Bibelleseplan:

- 20. mars** Mark. 9, 2-13  
Jes. 41, 10
- 21. mars** Mark. 9, 14-32  
Matt. 11, 28
- 22. mars** Mark. 9, 33-50  
Sal. 18, 3
- 23. mars** Mark. 10, 1-16  
Joh. 14, 6
- 24. mars** Mark. 10, 17-34  
Sal. 71, 5
- 25. mars** Mark. 10, 35-46  
Kol. 1, 27
- 26. mars** Luk. 1, 26-38

## Bøneverstema:

Håp

## Denne veka ber vi for:

- Besøkstenesta
- Treff
- Livets lys
- KM kluzz
- Soknerådet og soknerådsleiar
- Dei som er sjuke
- Dei som sørger over nokon dei hadde kjær
- Menneske på flukt
- Kyrkjelydane i DnK i Øygarden kommune

## Misjonsprosjektet Jesu døtre (DNI)

- For Caspari center, som har måtte leggje om arbeidet i pandemien, men som har ei viktig oppgave som samlingspunkt og tilretteleggjar
- For Elisabeth Levi som leiar samlingane med Jesu døtre
- For kvinnene som kjem til samlingane

## REGNBOGEBØN

Kjære Gud, takk for dine livgjevande dråpar. Dei stiller tørsten og gjev oss nye krefter. Hjelp oss å sjå at vatn skaper rettferd, og til å forstå kor verdfullt vatnet er så vi ikkje ureinar eller sløser med dine gode gåver. Takk også for dåpsvatnet som gjev oss nytt liv.



# 27. mars – 2. april

veke 13

## Bibelleseplan:

<b>27. mars</b>	Mark. 11, 1-19 Matt. 6, 33
<b>28. mars</b>	Mark. 11, 20-33 Sal. 51, 12
<b>29. mars</b>	Mark. 12, 1-12 Jak. 2, 1
<b>30. mars</b>	Mark. 12, 13-27 Sal. 119, 176
<b>31. mars</b>	Mark. 12, 28-44 1. Joh. 1, 9
<b>1. april</b>	Mark. 13, 1-13 Hos. 12, 7
<b>2. april</b>	Joh. 12, 12-24

Bøneverstema:  
Omvending

## Denne veka ber vi for:

- Lillelørdag
- Skular og barnehagar
- Påskevandringane for barnehagane
- Dei som styrer kommunen
- Brotne familierelasjonar
- Menneske som har mista alt dei eigde
- Kristent fellesskap

## Thailand (NMS)

- Be for misjonærane og den lokale thai-staben
- Be for opplæringa for å styrkje kyrkjelydane
- Be for arbeidet med å dele trua å Jesus og formidle nåde og håp



## REGNBOGEBØN

Kjære Gud, du møter oss menneske med nåde og fred. Takk for alle som brukar dei sjansane dei har til å skapa ei meir rettferdig verd. Hjelp oss å byggja fellesskap, og velsign alle som er med på Kirkens Nødhjelps fasteaksjon.

## 3. – 10. april

veke 14

### Bibelleseplan:

- 3. april** Mark. 13, 14-28  
Joh. 14, 6
- 4. april** Mark. 13, 28-36  
Job 19, 27
- 5. april** Mark. 14, 1-11  
Joh. 10, 28
- 6. april** **Skjærtorsdag**  
Mark. 14, 12-72  
Joh. 1, 12
- 7. april** **Langfredag**  
Mark. 15, 1-41  
Jes. 53, 5
- 8. april** **Påskeaften**  
Mark. 15, 42-47  
Apg. 4, 12
- 9. april** **Påskedag**  
Mark 16, 1-14  
Joh 11, 25
- 10. april** **2. Påskedag**  
Mark. 16, 15-20  
Rom. 8, 1

### Denne veka ber vi for:

- Gleda og alvoret i påskebodskapen
- Konfirmentarbeidet
- Mannsgruppen
- FUNK og LED (ledertreningsarbeidet)
- Straume bu- og servicesenter
- Fjell sjukeheim
- Fellesrådet og kyrkjestaben
- Dei som opplev å ikkje «passa inn»
- Menneske i fattigdom
- Kommune – og kyrkjevalet til hausten

### Jesu døtre (DNI)

- Be om ei open dialog, slik at dei kan bryta tabu
- Be om at forsoning kan føre til at fleire kan få bli kjend med Jesus
- Be om at fleire skal sjå at Jesus er Messias

### Bøneverstema:

Jesus vår Frelsar

### REGNBOGEBØN

Kjære Gud, takk for at du gav oss Sonen din, Jesus Kristus, som vart prøvd i alt. Ver med alle som opplever sorg og smerte. Vi ber om fred og rettferd for alle menneske. Og minn oss dagleg om at det er vi som er dine hender og føter.